

INFOSKRIV OKTOBER 2018



Oppstart nytt skuleår

No er det allereie over to månader sidan skulestart. Me har kome godt i gang på alle trinn, og våre 30 nye 1. klassingar har funne seg godt til rette saman med lærarane sine.

Praksisskule

Universitetet i Stavanger og Oagna skule inngjekk før sommarferien ein 4-årig partnerskapsavtale der formålet er å førebu studentar i grunnskulelærarutdanninga til arbeidet som lærar. For å stå godt rusta til å ta imot studentar, har praksislærarane våre starta på praksislærarstudiet ved Universitet i Stavanger.

Me har gleda oss veldig til dei første studentane skulle koma veka etter haustferien. Me har studentar i vekene 42 – 44 i haust, og me skal ha studentar minst 3 veker til våren.

Musikkvideo av Oagna skule-sangen

Me har no laga musikkvideo til Oagna skule-sangen «Ein plass for dæg». Sangen blei laga i samband med opninga av skulen i januar, og no har me endeleg fått videoen på plass! Gå inn på denne linken for å sjå videoen:

<https://www.youtube.com/watch?v=uhETDIiMAug>

Halv skuledag for ungdomstrinnet tysdag 6. november

Alle lærarane på Oagna skule skal på ei samling i Jærskulen tysdag 6. november etter lunsj. Det betyr at elevane på ungdomstrinnet er ferdige på skulen kl. 11 denne dagen. Resten av skuledagen arbeider dei med eiga oppgåve heime.

Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga 2018

Elevundersøkinga skal gjennomførast på 6.-10. trinn innan 19. november. I same perioden gjennomfører me også elevundersøking for dei andre trinna gjennom

Klassetrivsel.no. Nasjonalt er elevundersøkinga obligatorisk for elevane på 7. og 10. trinn samt vg1. Alle skulane i Jærskulen gjennomfører for 6.-10. trinn. Foreldreundersøkinga skal gjennomførast innan 1. desember. De vil få info om gjennomføring sendt på e-post.

Nasjonale prøvar for elevane på 5., 8. og 9. trinn

Elevane på 8. og 9. trinn gjennomførte prøvane før haustferien. 5. trinn skal gjennomføre prøvane i løpet av vekene 42 – 44.

Det me foreløping kan sjå av resultatata på 8. og 9. trinn, er at begge trinna viser stor framgang i både lesing og rekning. 8. trinn viser også framgang i engelsk (9. trinn har ikkje prøve i engelsk).

Over fleire år har lesing vore satsingsområde til skulen. No ser det også ut som dette gjev auka læringsutbytte for elevane. Til dømes ligg no 9. trinn på nasjonalt snitt i lesing, og det er ein fantastisk framgang!

Utviklingssamtalar

Utviklingssamtalane vert gjennomførte i veke 43 for ungdomstrinnet og veke 44 for barnetrinnet.

Bygdadagen 2019

Bygdadagen for 2019 er sett til søndag 28. april. Ogn skule vil vera med også denne gongen. Det betyr at Bygdadagen blir ein obligatorisk skuledag. Siste skuledag før sommaren vert då torsdag 20. juni.

Barn og unge sitt kommunestyre (BUK)

Hå kommune har vedteke at det skal vere eit barn og unge sitt kommunestyre. Dette er eit tiltak som har som mål å oppmoda elevane til å vera aktive deltakarar i lokaldemokratiet. Dette skjer fredag 9. november i Hå rådhus (kommunestyresalen). Kvar skule stiller med 3 elevar + kontaktlærer for elevrådet. Ogn skule får stille med 6 elevar sidan me er ein 1-10 skule.

HUGS REFLEKS OG LYS PÅ SYKKELEN I HAUSTMØRKET!!



Mvh
Helge Håland
Rektor

Adresse:
Kyrkjeberget 2
4364 Sirevåg

E-post:
post.ogna.skule@ha.kommune.no

Telefon:
51 43 60 60

Organisasjonsnr:
964 969 590